

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 23. januar 2018

Frå: Fylkesrådmannen

Møte i fellesnemnda - "oversendingsforslag"

Fylkesrådmannen viser til møtet i fellesnemnda 18.12.17, der fellesnemnda i to ulike saker, sak 3/17 og sak 5/17, handsama og vedtok såkalla oversendingsforslag.

Omgrepet «oversendingsforslag» er ukjend i Sogn og Fjordane fylkeskommune. I reglementet for fellesnemnda heiter det om sakshandsaminga berre at sakshandsamingsreglane i kommunelova gjeld tilsvarende. Oversendingsforslag er imidlertid regulert i Hordaland fylkeskommune sitt reglement for sakshandsaming:

«17. Oversendingsforslag

Oversendingsforslag er forslag som det ikkje er ønskje om å realitetshandsama i møtet, men som ein likevel ønskjer å få vurdert av enten eit anna utval/nivå eller av administrasjonen. Det vert røysta over om forslaget skal oversendast utan realitetsbehandling. Dersom det ikkje vert fleirtal for dette, vert forslaget ikkje oversendt.

Mottakar av forslaget avgjer korleis det skal følgjast opp.

Oversendingsforslag til politiske organ (t.d. frå fylkestinget til utval for miljø og samferdsel): Fylkesrådmannen lagar melding til utvalet der forslaget er referert. Vidare arbeid er avhengig av positiv avgjerd i utvalet.

Oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

Fylkesrådmannen vurderer forslaget og gir tilbakemelding i form av melding eller sak til organet som har oversendt forslaget.»

Fylkesrådmannen legg til grunn at møta i fellesnemnda bør følgje dei same sakshandsamingsreglane, uavhengig av om møta føregår i Hordaland eller i Sogn og Fjordane. Som følgje av dette, må det vere høve for representantane i fellesnemnda å setje fram oversendingsforslag også når møta i organet føregår i Sogn og Fjordane.

Eg ber om fylkesutvalet sine eventuelle merknader.